
Fra: kristina stokken [mailto:kstokken@hotmail.com]

Sendt: 20. mars 2014 20:44

Til: Postmottak HOD

Emne: Høyringsrunde angående reservasjonsordning for fastlegar

Høyringsrunde angående reservasjonsordning for fastlegar

Alle kvinner skal ha rett til å råda over sin eigen kropp. Viss legar skal kunna reservera seg mot å HENVISA for abort, så er det eit enormt steg tilbake i samfunnsutviklinga. Viss legar ikkje henviser der dei skal henvisa, så gjer dei ikkje jobben sin. Det bør ikkje vera lov for nokon yrkesgrupper å reservera seg mot å henvisa pasientar/brukarar til kva det skulle vera. Viss legar reserverer seg mot å henvisa for abort sender dette eit negativt signal til kvinner som har tatt eit val om å gjennomføra abort, og kan få konsekvensar for desse kvinnene si psykiske helse. Det er tungt nok som det er å skulle ta eit val om abort, om ikkje legane skal byrja å moralisera og gjera det heile endå verre for kvinner i denne situasjonen. Som lege skal ein vera profesjonell og hjelpa pasientane/brukarane sine. Det å reservera seg mot å henvisa for abort meiner eg strider mot profesjonaliteten til legane. Ja til at kvinner sjølv får avgjera om dei vil gjennomføra abort eller ikkje, utan moralisering og press frå legar.

Mvh.

Kristina Stokken, psykologstudent.